

## Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesordføraren vil først understreke den viktige verdien og nytta av å ha gjennomført ei slik omfattande folkehelseundersøking. Resultata frå undersøkinga gir godt grunnlag for å leggje enno betre til rette for god folkehelse i Hordaland.

Eitt av punkta i undersøkinga er knytt til tilgang til offentleg transport, samla og på tvers av regionar i Hordaland. Sunnhordland peikar seg ut som den regionen med lågast del, 36,9 prosent, av innbyggjarane som oppgjer å ha god tilgang til offentleg transport. Til samanlikning er tala for Nordhordland og Hardanger/Voss høvesvis 45,7 og 46,9 prosent.

I samband med nytt anbod Sunnhordland som starta opp i 2017, vart det utarbeidd ein eigen trafikkplan for Sunnhordland (vedteke i fylkesutvalet oktober 2015). Gjennom arbeidet med trafikkplanen var det invitert til dialog og gitt innspel frå kommunane i regionen om justeringar og omprioriteringar i busstilbodet ut frå lokale behov. Felles for kommunane var ønskje om korrespondansar og gode bytter mellom hovudlinjer og lokale linjer og mellom buss og båt, samt kommersielle bussruter. Behovet for faste og sterke hovudlinjer vart framheva, medan linjer og avgangar med svært få reisande burde vurderast med omsyn til behovet for å oppretthalde eit fast rutetilbod. I tillegg til innspela frå kommunane vart det innhenta informasjon om kommunane sine utbyggingsplanar og andre relevante planar med innverknad på trafikkgrunnlaget, samt informasjon og innspel frå større arbeidsplassar og Høgskulen Stord/Haugesund. Alle innspela vart tatt med i dei samla vurderingane for forbetingar i framtidig tilbod.

Utgangspunktet for rutetilbodet i konkurransegrunnlaget for det nye anboden var basert på den tida sine eksisterande kostnader og ruteproduksjon i tal kilometer. Det vil seie at dei endringar som vart gjort i det nye anboden i all hovudsak var justeringar og omprioriteringar innanfor desse gitte rammene. Etter anbodstart sommaren 2017 er innspel og tilbakemeldingar om rutetilbodet følgt opp gjennom Skyss sine årlege ruteendringsprosessar. Fylkesordføraren understrekar i den samanhengen behovet for god dialog med kommunane om eventuelle ønskjer og nye behov, og at kommunane er konkrete i sine prioriteringar. Budsjettauka i 2018 for styrking av ruteproduksjonen i Sunnhordland og Hardanger/Voss med til saman 2 mill. kr, vert følgt opp med tiltak basert på innspel frå kommunar, brukarar og andre interessentar. I Sunnhordland vert det sett inn to nye avgangar mellom Rubbestadneset og Svortland, som korresponderer med båten frå Bergen formiddag og kveld. I tillegg vert det sett inn ein avgang ettermiddag/kveld tur/retur Svortland-Våge. Tiltaka vert etter planen sett i verk frå 1. mai. I sommarrutene vert det og lagt inn ei handlerute for Rolvsnes og Aga ein dag i veka.»